

Internasjonale organisasjonar som Noreg er med i

FN (Forente nasjoner)


- FN er ein internasjonal organisasjon som blei etablert 24. oktober 1945.
- FN jobbar for internasjonal fred og tryggleik og er eit forum for dialog mellom ulike land i verda.
- I dag er 193 land medlemar i organisasjonen.
- FN arbeider òg med internasjonal rett, økonomisk utvikling og menneskerettar. FN har ei viktig rolle som fredsskapande organisasjon.
- FN blir finansiert av økonomiske bidrag frå medlemslanda.
- FN har inga reell juridisk makt. Vedtak som blir fatta i FN, er såleis ikkje juridisk bindande for medlemslanda.



NATO

North Atlantic Treaty Organization (NATO) er ein forsvarsallianse med 29 medlemsland i Europa og Nord-Amerika. NATO blei danna i 1949.

Medlemslanda har teke på seg ei gjensidig forplikting om å stå saman og kjempe dersom eit anna land, eller fleire andre land, invaderer eitt eller fleire av NATO-landa.




EØS

Noreg er ikkje medlem av EU (Den europeiske union), men vi er likevel med i eit forpliktande europeisk samarbeid. Dette samarbeidet blir kalla EØS (Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet).

EØS-avtalen regulerer samhandel og andre økonomiske forhold mellom EØS-landa. Mellom anna følgjer vi EU-reglane om fri utveksling av varer, tenester, arbeidskraft og kapital.

I Noreg har vi hatt to folkerøystingar (1972 og 1994) om norsk EU-medlemskap. Det var rett nok knappe fleirtal, men begge gongane stemte fleirtalet av folket mot at Noreg skulle gå inn i EU.



Schengen-avtalen

- Schengen-avtalen er ein avtale som erstattar grensekontrollar mellom avtalelanda med eksterne grensekontrollar.
- Dette tyder at ein ser på Schengen-landa som eitt stort område der ein må vise pass, og eventuelt gyldig visum, for å passere yttergrensene.
- Når ein først er inne i Schengen-området, kan ein vanlegvis reise fritt rundt i dei ulike landa utan vanleg passkontroll. (Dette vilkåret kan endre seg i særskilde tilfelle, så norsk politi tilrår at ein alltid bør har med seg pass når ein er på reise til utlandet.)
- Avtalen blei signert i 1985 i Schengen i Luxembourg. I dag gjeld avtalen 26 europeiske land.

